



Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Osterøy kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Osterøy heradsstyre har i møtet 08.12.2021, sak 100/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Osterøy kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit tre-årig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbankens oppgåver for dette fagområdet overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Vi vurderer at kommunen framleis er i ein vanskeleg økonomisk situasjon etter utmelding av Robek i mars 2021. Dei budsjetterte netto driftsresultata i perioden er avhengig av at kommunen når måla om meir effektiv drift og reduksjonar på tenestenivåa. Samstundes skal kvaliteten i tenestene varetakast.

Reservane er framleis låge, samstundes som det blir budsjettert med vesentlege investeringar og låneopptak. Rente- og avdragsutgiftene vil auke med om lag 10 mill. kroner i perioden som følgje av dette. Statsforvaltaren er uroa over at gjelda og utgiftene aukar i den takten det no vert lagt opp til, og kommunen er avhengig av nedskjeringar i tenesteeiningane for å balansere drifta.



Budsjett 2022

Budsjettet er vedteke i balanse. Netto driftsresultat er på 10 000 kroner, og dette utgjer 0 prosent av brutto inntekter. Samla inntekter dekkjer samla utgifter, men det er ikkje rom for å avsetje midlar til fond eller overføre driftsmidlar til investeringsformål i 2022. Resultatet ligg godt under det tilrådde nivået på 1,75 prosent frå Teknisk berekningsutval (TBU).

Førebelse tal for 2021 viser eit netto driftsresultat på 8 mill. kroner, som utgjer 1,6 prosent av driftsinntektene. Resultatet er betre enn det som vart budsjettert i fjor, men ligg under landssnittet som var på 4,2 prosent for 2021.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med oppdatert KS-prognosemodell etter vedteke statsbudsjett og folketal per 1.01.2022., viser at kommunen budsjetterer om lag 0,7 mill. kroner lågare enn prognosemodellen.

Andre budsjetterte sentrale inntekter, som utbetalingar frå Havbruksfondet, viser variasjonar kvart år i planperioden. Her er det budsjettert med inntekter på 12,9 mill. kroner i 2022, ein auke på 6,5 mill. kroner frå 2021. Når det gjeld eigedomsskatt ligg det inne same beløp på 29,2 mill. kroner kvart år i heile perioden.

I 2022 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel på 112,15 mill. kroner. Av dette utgjer 23,5 mill. kroner investeringar til sjølvkostområda vatn og avlaup. Dei største investeringane er samlokalisering av brann, ambulans og tekniske tenester, og utviding/oppgradering ved Valestrand skule. I tillegg er det budsjettert at ein startar opp arbeid med avlastningsbustad/dagtilbod på Hauge, og bustader til omsorg.

Investeringane blir kompenserte med 19,5 mill. kroner i meirverdiavgift, og resten skal finansierast med opptak av nye lån på 92,6 mill. kroner. Det er budsjettert med auka utgifter frå 2021 til 2022 på 3,1 mill. kroner for å dekkje auken i renter og avdrag som følgje av nye låneopptak.

Det er vedteke å ta opp lån i Husbanken til vidare utlån for 23 mill. kroner.

Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsutgifter) per 31.12.21 utgjorde 743,57 mill. kroner. Dette utgjer 102,5 prosent av brutto driftsinntekter. Snittet for landet utan Oslo utgjorde 114,9 prosent i 2021.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Med unntak av 2024 utgjer netto driftsresultat null prosent av driftsinntektene og er om lag i balanse. 2024 viser eit mindreforbruk på 5,8 mill. kroner som følgje av høgare utbetaling frå Havbruksfondet. Netto driftsresultatet utgjer 1,08 prosent av brutto inntekter, og resultatet er tenkt avsett til disposisjonsfond.

Frå 2023 og resten av perioden er det budsjettert med reduksjonar i overføringar til tenesteeiningane spesielt innanfor oppvekst, undervisning og kultur, og helse, omsorg og sosial.



Kommunen sitt disposisjonsfond utgjorde 31,6 mill. kroner pr. 31.12.2021, noko som tilsvarar 4,4 prosent av samla inntekter. Dette er litt lågare enn det tilrådde nivået frå TBU på 5 prosent.

Samla investeringar for heile perioden utgjer 355,2 mill. kroner. Investeringane i dei tre siste åra i perioden er på 243,1 mill. kroner og utgjer i hovudsak investeringar innan bustad og dagtilbod på Hauge, og bustader og bufellesskap innan omsorg og psykisk helse. Med unnatak av utbetaling av kompensasjon for meirverdiavgift skal alle investeringane lånefinansierast.

Samla låneopptak i heile perioden utgjer 294,15 mill. kroner. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter vil utgjere om lag 145 prosent i 2025, rekna ut frå dei budsjetterte tala. Dette er høgt spesielt med tanke på eit aukande rentenivå framover.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Osterøy heradsstyre har vedteke følgjande måltal i samband med ny kommunelov gjeldande frå 1.01.20:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1 %

Kommunen har ikkje vedteke måltal for langsiktig gjeld eller frie driftsfond, slik det blir anbefalt frå TBU. Statsforvaltaren peikte på denne mangelen i tilsvarande brev for 2021, utan at kommunen har følgd opp dette for gjeldande periode.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ut frå førebelse rekneskapstal for 2021 blir årsresultatet betre enn venta, og kommunen kan auke reservane og handlingsrommet sitt.

Folketalet har i løpet av dei siste åra vore stabilt og svakt aukande, noko som gjer at overføringane frå staten blir meir føreseielege. Dette er bra av di kommunen framleis er avhengig av inntekter dei ikkje sjølve kan påverke eller fullt ut rår over, for å ha eit budsjett i balanse. Kommunen får eit trekk i utgiftsutjamninga på 13,8 mill. kroner for 2022 på grunn av mange private skular. Demografiske endringar frå 2021 til 2022 gjer at kommunen i teorien skal bli billigare å drive, og får dermed også eit trekk i utgiftsutjamninga som følgje av dette.

Vi vurderer at kommunen framleis er i ein vanskeleg økonomisk situasjon etter utmelding av Robek i mars 2021. Dei budsjetterte netto driftsresultata i perioden er avhengig av at kommunen når måla om meir effektiv drift og reduksjonar på tenestenivåa. Samstundes skal kvaliteten i tenestene varetakast.

Reservane er framleis låge, samstundes som det blir budsjettert med vesentlege investeringar og låneopptak. Rente- og avdragsutgiftene vil auke med om lag 10 mill. kroner i perioden som følgje av dette. Statsforvaltaren er uroa over at gjelda og utgiftene aukar i den takten det no vert lagt opp til, og kommunen er avhengig av nedskjeringar i tenesteeiningane for å balansere drifta.

Statsforvaltaren viser til kommunelova § 14-1 og § 14-2 om realisme, og plikt til å vedta måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Vi ber om at måltala vert gjennomgått og tekne inn i budsjettdokumenta for neste periode.



I dokumenta er det ei informativ framstilling av dei ulike tenesteområda, der prioriteringar og konsekvensar av dei ulike innsparingstiltaka går fram.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent